

---

Saksnr: 2021/51076-1  
Saksbehandlar Ole Henrik Mølmann  
Dato: 12.10.2021

---

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Svar til kontrollutvalet - notat om rutinar og system for varsling

Alle elevar har rett til å bli høyrte for å førebyggje mobbing eller varsle om saker som omhandlar skulemiljøet, ref. opplæringslova kapittel 9 A og prosedyre for oppfølging av kapittel 9 A i Vestland fylkeskommune. I tillegg gjeld arbeidsmiljølova kapittel 2 A for elevar i praktisk arbeid. Praktisk arbeid er av Vestland fylkeskommune definert som arbeid i skulane sine verkstader og laboratorium. Varsla vert handsama likt i begge høve.

Saker det vert varsla om må handsamast av rett instans, for å sikre ein profesjonell og objektiv prosess. Det er rektor ved kvar enkelt skule som har ansvar for oppfølging av varsel frå og om elevar på sin skule. Det er viktig å ivareta personvernet til elevar, lærlingar, tilsette og ev andre som vert involvert i ei varslingssak. Elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune kan varsle anonymt eller ikkje anonymt.

Varsel med namn på varslar oppgitt

Vestland fylkeskommune har ei nettside med opplysningar om varsling om mobbing og kritikkverdige tilhøve: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/varsel-om-mobbingkritikkverdige-forhold/>

På sida om varsling ligg det informasjon om varsling og bruk av den digitale tenesta fylkeskommunen har laga for melding av varsel. Den digitale varslingstenesta er utforma slik at eleven må identifisere seg.

Varsle anonymt

Opplæringslova §9a og arbeidsmiljølova §2a legg inga avgrensing på korleis varsel kan bli gitt. Det vil seie at det er høve til å levere anonyme varsel. Vestland fylkeskommune har per i dag ikkje ei digital løysing for å varsle anonymt. Anonyme varsel må i dag bli levert skriftleg til skulen, t.d. som ein lapp levert til postmottaket på skulen.

Handsaming av anonyme varsel kan vere meir krevjande enn der varslar er namngjeven. Om varselet inneheld for få opplysningar til at dei som skal handsame varselet kan finne ut kva det gjeld, er det ein risiko for at varselet ikkje kan handsamast. Handsaming av varsel krev ulike undersøkingar. Til dømes vil det vere behov for snakke med varslar og få fleire opplysningar, eller snakke med kontaktlærar og andre på skulen for å få vite meir. Ved varsel der det er skuldingar mot namngjevne personar vert det stilt krav til å sjekke om opplysningane er truverdige og gje den som får skuldingane mot seg moglegheit til å svare på skuldingane. Tilsvarande vil gjelde med anonym varsling mot namngjevne personar, denne vil kunne gje skuldingar tilbake mot varslar og varslar vil då ikkje få høve til å imøtegå. Ved anonyme varsel vil heller ikkje den som varslar få tilbakemelding på handtering av varselet, og det er vanskeleg å følgje opp varslaren jamfør prosedyre for oppfølging av opplæringslova kapittel 9 A.

Fylkesdirektøren må arbeide vidare med spørsmålet om anonym varsling. All digital varsling må handle om pseudonymisering og ikkje anonymisering då datatrafikk let seg spore. Det vidare arbeidet krev eit samarbeid med personvernombodet og IKT sikkerheit. Fylkesdirektøren vil då måtte kome attende til kontrollutvalet når desse vurderingane er gjort.